

*Thulittblokk, Lom.*

## Steintreff i Lom 2005

Steintreffen 2005 blir helga 15. – 18. september, frå torsdag (fredag) til sundag.

Det er litt tidleg å spikre programmet heilt fast, men vi reknar med at det vanlege "mannskapet" er på plass, og i tillegg vil TG vise bilete og fortelja frå Tuczon 05.

Som før vil vi kvar dag setja opp turar med førar til 1-2 spennande turmål, alt etter ver og ynskje frå dei som blir med. Vi reknar i år med å setja opp i alle fall eitt heilt nytt (og spennande !) turmål på Strynefjellet, og som turleiarar nyttar vi folk som kjenner lendet og kan bestemme dei fleste mineral "på lukta."

Turane startar med ei kort orientering ved Steinsenteret klokka 9 (og evn. klokka 9,30), og vi er attende tidleg på eftaen. Da blir det tid til både litt privat steinprat og kursing om mineral-relaterte tema utover ettermiddagen.

Spesielt ivrige samlarar som har vore "aille stann" kan alltids laga sitt eige turprogram. Øvre Otta anlegga er nå i full drift, og det er tre store tippar å rekkje over. For dei ikkje fullt så ivrige er det t.d. råd å besøkje det nye Norsk Fjordsenter i Geiranger, Jostedalsbreen Nasjonalparksenter i Oppstryn eller Jostedalen Bresenter i Sogn, alt på rimelege dagsturar.

Deltakarane kan bu på Fossheim Turisthotell eller, som eit rimelegare opplegg, i cam-pinghytter eller liknande rundt i Lom. For dei som bur på hotellet er frukost/lunchpakke og stort kveldsbord inkluderte i prisen, og prisane er dei same som i fjor.

Dei som ikkje bur på Fossheim betaler kr. 200.- i deltakaravgift og evn. 220.- for kveldsbordet og kr. 80.- for frukosten på hotellet. 2 dagar HP blir da 1355,. For 3 dg. 1800.-

Etter kveldsmaten blir det foredrag om geologiske emne i lokala til Senter for matkultur.

Byttebord blir sette opp i Midtrommet oppe på Steinsenteret, og her kan deltakarane også selja og kjøpe mineral av kvarandre.

Så langt vi rekk det vil vi bestemme mineral som folk måtte ha med seg, og det vil bli sett opp eit binokular i bytterommet.

Ved kjøp av mineral i Steinsenteret gjev vi ein hyggeleg rabatt til dei som er med på treffen.

## Jostedalsbreen Nasjonalparksenter

Det vart i dag opna Geologisk park for Sogn og Fjordane i Stryn- 24 kommunar deltok derav 14 ordørarar.

I følgje Torgeir Fossheim, Norsk Steinsenter Lom, er dettte noko av det mest kreative han har sett innan geologi og det vil vere ein attraksjon av dimensjonar. Garmo har laga alle tekstane til dei 26 steinblokkenen som skal vere ein aperitif til norsk stein

Dagleg leiar Anne Kjos-Wenjum Armas framheva det gode samarbeidet dei har hatt i 10 år med Sogn og Fjordane Fylkeskommune om denne geologiske parken og fylkesgeolog Bjørn Falch Russenes kvitterte med å tildele prosjektet kr 200.000 av eit totalbudsjett på 850.000.

Alle kommunane i Sogn og Fjordane har utpeika sin kommunestein som vart høgtidleg avduka i den geologiske parken. Arkitekt for parken har vore Rune






*Foto: Sentrale personar bak geologisk park for Sogn og Fjordane:*
*Dagleg leiar Anne Kjos-Wenjum Armas, arktekt Rune Melvær, Fylkesgeolog Bjørn Falch Russenes og Torgeir Garmo, Norsk Steinsenter,Lom*
*T.v.: Fra innendørsutstillinga. Vakre og sjeldne mineral fra fylket.*

Melvær som har laga ein kunstnerisk park der steinblokkene er løfta opp på soklar og har fått eigne tekstplater.

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter i Stryn er eit av dei leiande nasjonalparksentra i Norge med høg grad av utvikling og hadde i fjor vel 37.000 besøkande.

---



... Og er du først på Vestlandet så meldes det om virkelig stor veianleggsdrift mange steder. En liten stopp i nye skjæringer eller på tunneltipphauger kan lønne seg, melder Torgeir T. Garmo, ...Og han veit hva han snakker om. Her Bjørn Skår i aksjon, vestpå. Joda, de fant en en masse fine saker.

*Foto T.T. Garmo*

---





BERYLLEN
MINERALSENTER ANS.

KILE, 4720 HÆGELAND TELEFON: (+47) 38154885

**Salgsutstilling og stort utvalg i norske og utenlandske mineraler.**

**Smykkestein, smykker og gaveartikler.**

Åpent hver dag i sesongen og ellers etter avtale.
Ta gjerne kontakt med oss på telefon.

Arild Omestad tlf: 99245100 / 38156081
Frank Strømmen 91715542 / 38100791

**Vi sender din bestilling.**

Besøk oss på:
http://www.beryllen.no/index.htm